



Plan for overgang

Barnehage – Barneskule og Barneskule – Ungdomsskule



Innhald

Mål	3
Barnehagen og skulen sitt formål	3
Fagleg forankring	4
Plan for overgang barnehage – barneskule	5
Kva har eg lært og kva skal eg læra.....	5
Barnehagen	5
Småskulen 1.- 4.klasse	6
Årshjul overføring barnehage – barneskule.....	7
Plan for overgang barneskule – ungdomsskule	8
Kva har eg lært og kva skal eg læra.....	8
Mellomtrinnet 5. – 7. klasse.....	8
Ungdomsskulen	10
Årshjul Barneskule – ungdomsskule	11
Plan for overgang ungdomsskule – vidaregåande skule	12
Årshjul ungdomsskule – vidaregåande skule	12
Plan for overgang - Barn med særlege behov	13
Fadderordning, grenseobjekt og overgangsprosjekt	13
Barnehage – barneskule.....	14
Barneskule – ungdomsskule.....	14
Hospitering	15



Mål

Mandatet til arbeidsgruppa har vore å lage ein heilskapleg plan, der hovud fokus var å sikre gode og trygge overgangsrutinar, skape ein raud tråd i opplæringa, samt sikre ein felles forståing av barne- og elevsyn, lærings- og livsmeistring. Planen skal innehalde rutinar, tiltak og møtepunkt som er forpliktande for alle barnehagar og skular.

Barnehagen og skulen sitt formål

Barnehagen og skulen sine formål vert regulert i høvesvis barnehage- og opplæringslova. Som vist til under er det mange like trekk

Barnehagens formål Lov om barnehager § 1. <i>Formål</i>	Skulens formål Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa § 1-1. <i>Formålet med opplæringa</i>
<p><i>Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.</i></p> <p><i>Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.</i></p> <p><i>Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.</i></p>	<p><i>Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.</i></p> <p><i>Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdier som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapet til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.</i></p> <p><i>Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.</i></p> <p><i>Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrang.</i></p> <p><i>Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.</i></p> <p><i>Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.</i></p>



Fagleg forankring

Overgang frå barnehage til skule er omhandla i både opplæring- og barnehagelova samt Rammeplan for barnehagar og læreplanverket.

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole og eventuelt skolefritidsordning. Barnehagen og skolen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbudet til de eldste barna i barnehagen, deres overgang til og oppstart i skolen. Barnehagen må ha samtykke fra foreldrene for å dele opplysninger om enkeltbarn med skolen.


De eldste barna skal få mulighet til å glede seg til å begynne på skolen og oppleve at det er en sammenheng mellom barnehagen og skolen. Barnehagen skal legge til rette for at de eldste barna har med seg erfaringer, kunnskaper og ferdigheter som kan gi dem et godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skolen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetiden på en god måte og møte skolen med nysgjerrighet og tro på egne evner. Barna skal få bli kjent med hva som skjer i skolen og skolefritidsordningen» (Rammeplan for barnehage 6.3.).

«Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og skole, de ulike nivåene i opplæringsløpet, og mellom skole og hjem bidrar til å lette overgangen mellom trinnene» (Læreplanverket 3.5.).


I Stortingsmelding 6 er gode overgangar og samanheng i utdanningsløpet omhandla. Her vert det vist til at barna går gjennom mange overgangar gjennom utdanningsløpet. Det byrjar i barnehagen der ein går frå småbarn- til storbarnsavdeling, frå småskule til mellomtrinnet og til slutt ungdomsskule og vidaregåande skule. For å få god overgangar bør det vere kontinuitet i førebuingane. Det må vera ein prosess og ikkje ei eingongs-hending. I tillegg til relevant lovverk har arbeidsgruppa nytta kunnskap om helsefremjing, og barns utvikling og læring. Tryggleik, ei oppleving av samanheng, fellesskap og kontinuitet er omgrep som er verdt å merka seg.

I formålsparagrafane til både barnehage- og opplæringslova er læring, utvikling og danning viktige omgrep. Både barn, ungdom og vaksne har behov for at basisbehova er dekkja før ein utvikla egne ferdigheiter. Fysiske behov, tryggleik, vennskap og sjølvverd er grunnleggjande element som må vere til stades for å kunne ta til seg læring og vere i positiv utvikling jf. Maslows behovspyramide.

Maslows behovspyramide



Toleransevinduet



Dag Ø. Nordanger, 2014 (Tilpasset etter Ogden, Minton & Pain, 2006)



Barnehage

Barneskule

Plan for overgang barnehage – barneskule

Kva har eg lært og kva skal eg læra

For at tilsette i barnehagar og skular skal kunne legge til rette for gode overgangar må dei ha kunnskap om kvarandre. Dei må kjenne til kva opplevingar, kunnskap og utfordringar barna har møtt før, og kva dei skal møte i neste trinn.

Barnehagen

Dei eldste barna i barnehagen skal oppleva ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Barnehagen skal leggja til rette for at barna gleder seg til skulestart og opplever ein samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal leggja til rette for at barna har me seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrja på skulen. Barnehagen skal sørge for at barna avsluttar barnehagetida på ein god måte og møter skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne ferdigheiter.

I Voss herad har me nokre områder me ynskjer å setja spesielt fokus på siste året i barnehagen. Dette er ikkje meint å vere ei sjekklister, men eit verktøy som barnehagen kan nytte i det pedagogiske arbeidet med barna og i foreldresamarbeidet. Det er naturleg med skilnad i barna sin modning og utvikling innanfor dei ulike områda.

Fagområde	Dette får me kunnskap om og øver på
Sjølvtende	<ul style="list-style-type: none">• Presentere seg sjølv med namn og kva dei bur• Meistre på- og avkledning• Passe på tinga sine og halda plassen ryddig• Kunne eta sjølv• Øve på toalettbesøk og handvask sjølv
Sosial kompetanse	<ul style="list-style-type: none">• Ta initiativ i samspel med andre på ein positiv måte• Me øver på å venta på tur• Utrykkja kjensler og koma med eigne synspunkt på ein god måte• Ta omsyn og visa omsorg• Forstå leikereglar og leikekodar• Handtere konflikhtar på ein føremålstenleg måte



Konsentrasjon/ merksemd	<ul style="list-style-type: none">• Ta imot kollektive beskjedar• Omsetja beskjedar til handling• Kunne vie merksemda til noko over lengre tid• Starta- gjennomføra og avslutte ei oppgåve
Språk	<ul style="list-style-type: none">• Eit godt munnleg språk, ein kan fortelja og gjera seg forstått med ord• Nytte språket til i relasjonar, i leik og kunne uttrykke tankar, kjensler og meiningar• Me leikar med ord: rim, regler, rytme, orddeling• Lytta til høgtlesing og kunne gjenfortelja innhald frå historia• Me øver på preposisjonane, til dømes over, under, bak, og framfor• Me øver på å sortera i kategoriar som til dømes klede, møblar, mat
Kropp, rørsle og motorikk	<ul style="list-style-type: none">• Me øver på finmotorikk, klippe, teikne og skrive• Me øver på bokstavar og kunne skriva namnet sitt• Me får allsidig rørsletrening inne og ute, året rundt
Tal, rom og form	<ul style="list-style-type: none">• Kunne talrekka 1 - 10• Tidsomgrepa: i dag- i går- før/etterpå• Kjennskap til dei ulike formane: trekant, kvadrat, sirkel• Fargar• Kunne skilje mellom størst/minst osb.

Småskulen 1.- 4.klasse

Alle som byrjar i 1. klasse skal bli sett, høyrd og få den tida dei treng for å kunne tryggast for ein god skulekvardag. Å leggja til rette for «god skulestart» er viktig for at eleven skal kjenna seg ivaretatt og oppleve meistring. Me vil møta dei med gjensidig toleranse og respekt. I småskulen skal dei arbeida med å tileigna seg grunnleggjande ferdigheiter og utvikle seg sjølv som menneske aleine og i samspel med andre.

Fagområde	Dette får me kunnskap om og øver på
Sosial kompetanse og samhandling med andre	<ul style="list-style-type: none">• Kunna forhalda seg til regler• Bli sjølvstendig i leikesituasjonar• Gjera sitt for å vera ein god ven og inkludera alle• Anerkjenne andre sine kjensler og utvikle sjølvkjensle• Ta kontakt med vaksne om ein treng hjelp• Få hjelp til å ta gode val, og forstå konsekvensen av å gjera eit val• Få hjelp til- og tileigna seg evne til å løysa konflikhtar
Sjølvbilete og motivasjon	<ul style="list-style-type: none">• Bli anerkjent for sine kjensler• Øva på samspel og vere delaktig i leik og aktivitetar• Møta leik i undervisninga• Få støtte til å like sin eigen kropp som den er• Få forståing for at ein er ein del av eit større fellesskap, samtidig som ein er ein eigen person med eigen verdi.• Oppleva å bli høyrd i fellesskapet, utvikle gjensidig toleranse og respekt.
Grunnleggjande ferdigheiter	<ul style="list-style-type: none">• Me øver på å uttrykke seg munnleg og skriftleg• Tileigna seg rett blyantgrep




	<ul style="list-style-type: none">• Få kunnskap om bokstavnamn, bokstavlyd, vokalar og konsonantar, og korleis trekka bokstavlydar saman til ord• Læra seg å skriva bokstavar, ord, setningar og enkle tekstar både skriftleg og digitalt.• Møta ulike tekstsjanger i faga• Få kjennskap til kjente omgrep og posisjoner• Få kunnskap om sortering, former og mønster og kunna «ein til ein» - prinsippet• Få kunnskap om talmengd, tiarvener, einarplass og tiarplass, partal og oddetal.• Læra og kunna dei fire grunnleggjande rekneartane
Bruk av digitale verktøy og digitale dugleikar	<ul style="list-style-type: none">• Bli sjølvhjelpne ved pålogging• Få hjelp til å bli kjent med rett programvare til oppgåver• Læra seg å bruka ein pc/læringsbrett som hjelpemiddel i opplæringa

Årshjul overføring barnehage – barneskule

Tidsplan	Oppgåver og ansvar
August	Administrasjonen sender ut datoar for: <ul style="list-style-type: none">- Felles overføringsmøte i regi av oppvekst- Fellesdag for besøksdagar- Datoane vert ført på møteplanen
August, før siste året i barnehagen	<ul style="list-style-type: none">- Styrar melde frå til rektor om kva barn som skal byrje i 1. klasse- Styrar melder frå til rektor om barn som har behov for tilrettelegging eller ekstra ressursar. Etablere samarbeid rundt elev- Sjå eige årshjul for barn med særlege behov
November - desember	Innskriving i 1. klasse <ul style="list-style-type: none">- Administrasjonen sender ut brev til foreldre og har lysing i Avisa Hordaland- Frist for å takka ja/nei til skuleplassering er 15. desember
Februar - mars	<ul style="list-style-type: none">- Skule kallar inn til foreldremøte for komande 1. klassingar- Frist for påmelding til SFO er 1. mars
Mars - april	<ul style="list-style-type: none">- Barnehagen i samråd med foreldre og barn fyller ut overføringsskjema til mottakaraskule
Mai	Fellesmøte i regi av kommunalavdeling oppvekst <ul style="list-style-type: none">- Barnehagelærarar og 1. klasse lærar møtest for å utveksle informasjon (gjeld alle barn).- Barnehagelærar har med seg <i>overførings skjema</i>



	<ul style="list-style-type: none">- Besøksdagar for komande 1. klassingar, tysdag og torsdag siste heile veka i mai, Barna har med seg «Hallo, her er eg!» til kontaktlærer
Juni	<ul style="list-style-type: none">- Kontaktlærarar i ny 1.klasse kontaktar barnehagen ved behov for ytterlegare informasjon
Juli – august	<ul style="list-style-type: none">- Rektor sender ut velkomstbrev og oppdatert informasjon om skulestart



Plan for overgang barneskule – ungdomsskule

Kva har eg lært og kva skal eg læra

For at tilsette i barneskulen og ungdomsskulen skal kunne legge til rette for gode overgangar må dei ha kunnskap om kvarandre. Dei må kjenne til kva opplevingar, kunnskap og utfordringar barna har møtt før, og kva dei skal møte i neste trinn.

Mellomtrinnet 5. – 7. klasse

Som elev i storskulen skal du nytta det du har lært i småskulen, i vidare utvikling av deg sjølv som menneske både fagleg og sosialt. Du skal oppleva meistring og sjølvstende i skulekvardagen, og få hjelp og rettleiing til å utvikla deg vidare fagleg. Du skal ha tileigna deg kunnskapar som er viktige å ha i samhandling med andre elever, men og i forhold til å kunne ha det godt med deg sjølv.



Fagområde	Dette får me kunnskap og lærer om
Sosial kompetanse og samhandling med andre	<ul style="list-style-type: none">• Kunne samhandla med andre i leik, og hjelpa andre inn i leik• Vera meir sjølvstendig, kunne skulen sine reglar og rutinar• Utvikla seg ut frå sitt nivå, og ha kjennskap til eigne evner og forutsetningar• Bli anerkjent og anerkjenne andre sine kjensler og meiningar• Bli møtt av positive vaksne, og sjølv møta vaksne på ein positiv måte• Ha kunnskap om dei ulike kjenslene og korleis ein sjølv vert påverka av desse• Kunne be om, og ta i mot rettleiing, hjelp og støtte ved behov• Tileigna seg kunnskap om gode val, rett og gale, korleis handtere konflikter og konsekvensar av eige og andre sine handlingar• Kunne forholde seg til seg sjølv og andre i gruppa• Ha forståing for at ein er ein del av eit større fellesskap, samtidig som ein er ein eigen person med eigen verdi.
Sjølvbilete og motivasjon	<ul style="list-style-type: none">• Oppleva å bli sett og høyrd, utvikle gjensidig toleranse og respekt.• Vera delaktig og kunna godt samspel med andre i leik og aktivitetar• Møte leik og aktivitetar i undervisninga• Få støtte til å like sin eigen kropp som den er, og kunnskap i korleis best ta vare på kroppen sin.• Støtte til å øve inn sunne vanar og få informasjon om rusmiddel og tobakk, og korleis dette påverkar kroppen
Grunnleggjande ferdigheiter(lesing, rekning og skrivning)	<ul style="list-style-type: none">• Skal kunne uttrykkje seg godt munnleg og skriftleg i alle fag, og få hjelp, støtte og tilbakemelding til å vidareutvikle dette vidare• Kunne skrive forståeleg med nokolunde rett teiknsetting. Svare i heile setningar, og dele ein tekst i innleiing, hovuddel og avslutning,• Kunnskap om eigen læringsstrategi og gjera sjølvstendige val ut frå det.• Meir målbevisste i forhold til eigen læring og korleis ein kan utvikla seg sjølv i sin læringsprosess.• Arbeide med eit tema over lengre tid.• Utvikla god leseflyt og leseforståing. Kunne henta ut informasjon frå tekst og bilete i alle fag.• Læra å lesa avanserte faglege tekstar, og korleis trekkja ut viktig informasjon.• Ha kjennskap til ulike tekstsjangre, og tileigna seg kunnskap om korleis skriva gode tekster i dei ulike sjanrane.• Kunna nytta dei fire rekneartane, mønster, former, vinklar og diagram, og lære å nytta dette på ulike måtar i alle fag.• Få tilbakemelding på eiga utvikling, og ta i mot rettleiing i høve fagleg utvikling
Digital kunnskap	<ul style="list-style-type: none">• Er sjølvhjelpne ved pålogging, endring av passord og kunne starta arbeid med digitale verktøy. Tileigna seg kunnskap om god lagring.• Tileigna seg grunnleggjande nettvett• Få meir kunnskap om etiske dilemma, og personvern på nett.• Kjenna til og ha tileigna seg kunnskap om korleis nytta ulik programvare i arbeid med fag.• Få tileigna seg kunnskap om eigen digital bruk, kunne setja grenser for seg sjølv og få lærdom om korleis dette påverkar ein.• Kjenne til og få lærdom om aldersgrenser og kvifor aldersgrense blir nytta i ulike program



Ungdomsskulen

På ungdomsskulen møter elevane nye oppgåver, forventningar og ei anna organisering enn kva dei er vane med frå barneskulen. Mange kjem til ei ny skule og tar til i ein ny klasse. Det er større fokus på fag, ein har fleire ulike faglærarar og elevane får sine fyrste erfaringar med karakterar.

Då elevane er vorte eldre, vert det også stilt høgare forventningar til dei. Under finn ein ei oversikt over kunnskapar elevane har byrja å få kunnskap om, og som ein skal lære meir om dei tre på ungdomsskulen.

Fagområde	Dette får me kunnskap og lærer om
Sosial kompetanse- og samhandling med andre	<ul style="list-style-type: none">• Grunnleggjande folkeskikk: respekt for andre, viser omsyn, toleranse og empati; at ein er merksam på andre sine behov og synspunkt• Er audmjuk og open for mangfald; forståing for at vi er forskjellige• Kan be om og ta i mot råd, rettleiing og korreksjon frå vaksne• Kunne følgje skulen sine reglar og rutinar, halde orden på bøker/utstyr• Toler å få beskjed frå vaksne utan å verte ufin, dersom ein bryt reglar• Kan setje fellesskapet; klasse- og skulemiljø føre egne interesser <p>Kan ta imot felles beskjedar, forhalde seg til vekeplan, komme raskt til ro i klassen og starte effektivt med skulearbeidet, vente på sin «tur»</p>
Sjølvbilete og motivasjon	<ul style="list-style-type: none">• Har tru på seg sjølv, at ein kan få til mykje uansett kva nivå ein ligg på• Har eit positivt og realistisk sjølvbilete til egne evner i dei ulike faga• Ta initiativ, syne engasjement og samspel i leike- og læringsaktivitetar• Har gode rutinar, motivert og kan jobbe målbevisst med skulearbeidet• Kan bidra med innsats og optimisme, tole opp- og nedturar• Toler å få konstruktive tilbakemeldingar, vere tolmogig og få råd og rettleiing utan å sjå det som personleg kritikk. Alle treng rettleiing!• Kjenner til ulike læringsstrategiar og korleis ein nyttar desse• Kan arbeide med eit prosjekt, ei oppgåve og skulearbeid over tid• Eleven syner evne ikkje berre til oppgåveløysing, men òg til problemløysing, kritisk tenking, undring, samarbeid og kreativitet
Grunnleggjande ferdigheiter (lesing, skrivning og rekning)	<ul style="list-style-type: none">• Har adekvat lesefart og lesar funksjonelt• Kan bruke innhaldet i ein tekst, syne at eleven har forståing for kva det er snakk om: Å kunne hente ut innhald og greie å gjenfortelje• Kan «lese mellom linjene», både på norsk og engelsk• Kan utrykke seg skriftleg på ein slik måte at ein skjønar skrifta og forstår innhaldet i språket• Kunne skriva fullverdige setningar samt nytte stor bokstav, komma, punktum og avsnitt på ein føremålstenleg måte• Kan skriva ein tekst på eit enkelt nivå sett saman av temasetningar, kommentarsetningar, innleiing, hovuddel og avslutning• Kunne basale rettskrivingsreglar



	<ul style="list-style-type: none">• Har prøvd seg på å skrive lengre tekst, delt i; innleiing – hovuddel – avslutning; på eit enkelt nivå• Kan skrive utdjupande og forklarande. T.d. bruke til dømes farge, lukt, temperatur, storleik for å kunne forklare noko• Kan dei fire rekneartane(addisjon/ pluss/ minus/ deling)• Kan tallina med positive og negative tal, areal og volum,• Kan rekne med brøk, desimaltal og prosent, omgjere frå gram til hekto• Kan kjenne att geometriske figurar og kunne namnet på dei vanlegaste• Er vane med å lese tekstar i matematikk• Har gode hovudrekningsstrategiar
Digital kunnskap	<ul style="list-style-type: none">• Kan oppretta, lagra, organisere i mappestruktur, dele dokument/ filer• Kan bruke snarvegar på tastaturet, t.d. angre, kopier, lim inn• Kjenner til og kan bruke dei viktigaste funksjonane i Word, Excel, OneDrive, Teams, Powerpoint, Onenote, Sway• Har kjennskap til og forståing for datatryggleik, kjelder og passord og nettvett i bruk av sosiale media• Kan bruke ulike digitale pedagogiske øvingsprogram• Kan søkje etter informasjon via digitale verktøy• Kan bruke hjelpeprogram, t.d. TextPilot, om eleven har behov for det• Kan finne fram til relevant informasjon i Teams og Skooler. Finne vekeplan, levere oppgåve ta kontakt med lærar osv.

Årshjul Barneskule – ungdomsskule

Tidsplan:	Oppgåver og ansvar
Oktober – 7.kl.	Ungdomsskule kallar inn til møte med barneskule <ul style="list-style-type: none">- Innhenting av informasjon om elever som ein er uroa for i overgangen til ungdomsskule.- Sjå eige rutine for barn med særlege behov
Januar – mars 7.kl.	Samarbeidsmøte ungdomsskule/barneskule rundt elever som det må tilretteleggast for i større grad i overgang: <ul style="list-style-type: none">- Kva treng eleven?- Har ungdomskulen kvalifisert personell?- Kursing?- Hospitering?- Organisering av jamlege besøk?
Mai – 7.kl	Overføringsmøte <ul style="list-style-type: none">- kontaktlærer barneskule og kontaktlærer ungdomsskule – generell informasjon kring elever Det vert felles besøksdagar for nye 8. klassingar, tysdag og torsdag siste heile veka i mai



Ungdomsskule

VGS

Plan for overgang ungdomsskule – vidaregåande skule

Denne delen av planen byggjer på tidlegare utarbeida plan som er laga i samarbeid mellom dei vidaregåande skulane på voss og Voss kommune.

Årshjul ungdomsskule – vidaregåande skule

Tidsplan	Oppgåver og ansvar
Vårsemesteret i 9. trinn	Foreldremøte der ungdomsskulen gjev informasjon <ul style="list-style-type: none">- Om utdanningsprogram- Om val av fag og moglegheiter, kvalifikasjonar og interesser- Presenterer vilbli.no- Viktig at foreldre snakkar med eigne barn om val og kva som kan vere vanskeleg med tanke på dei vala dei skal ta
Hautsemester 10. trinn	Foreldremøte der ungdomsskulen gjev informasjon <ul style="list-style-type: none">- Rådgjevar informerer om overføring av informasjon til den vgs. og kvifor dette er viktig . – tilpassingar og organisering av undervisning, startsamtale ved den nye skulen, gjennomgang av meldeskjema Møte mellom kontaktlærer og rådgjevarar Aktuelle elevar til meldeskjema
Desember/ januar 10. trinn	Ungdomsskulen gjennomfører orienteringsmøte for elevar og foreldre med informasjon <ul style="list-style-type: none">- Korleis jobbar dei på vgs.- Kvifor informasjonsoverføring er viktig- Kva informasjon vgs. ynskjer å få- Kontaktperson: kontaktlærer eller rådgjevar på eigen skule Individuelle samtaler mellom elev og rådgjevar
April, mai og juni	Vgs. har gjennomgang av særskiltsøknadar og korrespondanse med avgjevarskule



Plan for overgang - Barn med særlege behov

Barn med særlege behov, skal i denne planen forståast som barn som har behov for særleg tilrettelegging i neste del av utdanningsløpet. Det vere seg om barnet har behov for fysiske tilrettelegging (mogleg behov for utbetringar på mottakar-skule eller liknande), eller om barnet har behov for særleg tett oppfølging frå vaksen.

Målet er å sikre barn med særlege behov trygge overgangar, der naudsynt kunnskap og tilrettelegging er på plass i god tid før barnet byrjar.

Tidsplan	Oppgåver	Ansvar
September (2 år før overgang)	<ul style="list-style-type: none">- Gjere ny skule kjent med barnet- Dersom barnet har behov for fysiske tilretteleggingar skal ein i samarbeid med foreldre gjere greie for desse, kva hjelpemiddel det vil vere behov for og informere ny skule- Rektor på ny skule tar kontakt med administrasjonen dersom det er behov for større fysiske tilretteleggingar (ombygging osv.)	Styrrar/ rektor Ved avgjevar barnehage/ skule
August (1 år før overgang)	<ul style="list-style-type: none">- Styrrar/ rektor inviterer ny skule til å delta på samarbeidsmøte det siste året før oppstart på ny skule- <i>Overføringsskjema</i> bør fyllast ut tidlegare for å sikre at ny skule får naudsynt informasjon om barnet i god tid før skulestart	Styrrar/ rektor Ved avgjevar barnehage/ skule
Siste året før overgang	<ul style="list-style-type: none">- Barnet føl ordinært opplegg i høve overgang til ny skule.- Dersom barnet har behov for eit alternativt opplegg skal det gjerast konkret avtale om dette	Barnehage/skule

Fadderordning, grenseobjekt og overgangsprosjekt

I Voss herad har ein lang tradisjon med **Fadderordning**, for 1. klassingar. Elevar på mellomtrinnet er fadrrar, og tar seg særleg av elevane som byrjar i 1. klasse. Skulane har noko ulike ordningar for dette, til dømes kan det vera ulikt kva klasse på mellomtrinnet som er fadrrar. Etersom dette er ei ordning som allereie fungerer godt, vidarefører ein slik det er i dag.

Grenseobjekt er objekt, songar, spel eller liknande som barna har møtt i barnehagen, og såleis kan kjenne igjen når dei kjem på skulen. Målet er at dette skal opplevast kjent og trygt for barna, gje rom



for dialog i overgangsfasen og skape ein konkret samheng mellom barnehagen – barneskulen. Grenseobjekt kan til dømes vere ei biletbok, ein song, ein lek eller eit anna objekt. For at dette skal ha effekt og vere til nytte for barna er det viktig at grenseobjekta som vert vist under vert nytta, både for dei eldste barna i barnehagen og i 1. klasse.

Overgangsprosjekt har også som mål å skape ein konkret samanheng mellom barneskule og ungdomsskule, samstundes som ein «tar med seg noko» frå det trygge og kjente frå barneskulen. Prosjektet vert byrja på barneskulen og får ein naturleg vidareføring, med vidare arbeid på ungdomsskule.

Barnehage – barneskule

Grenseobjekt

- | | |
|---------------|---|
| Song | - Alle fuglar små dei er
- Det var reven og rotta og grisen, som tok seg ein tur utpå isen
- Eg er liten eg |
| Leik | - Raud lys
- Tikken |
| Spel | - Villkatten
- Stigespel |
| Bok/ historie | - Geitekillingen som kunne telle til 10 |

Dette er objekt eller aktivitetar gjeldande frå 15.8.2021, kan endrast på leiarmøte årleg.

Barneskule – ungdomsskule

Overgangsprosjekt – klassesong

Alle elevar i 7. klasse får opplæring på ukulele, som del av undervisninga i musikkfaget. Som eit overgangsprosjekt ynskjer ein å vidareføre kunnskapen om ukulele, som elevane allereie har inn på ungdomsskulen. Når elevane byrjar i 8. klasse skal dei lage ein klassesong.

Målet er at bruk av song, ukulelespel og musikk skal verke som ein kjent og trygg faktor for elevane i overgang frå barne- til ungdomsskule. Ved at elevane lagar ein klassesong når dei byrjar i 8. klasse på ungdomsskulen vonar ein at dette skal vere med å knytte band innad i klassen og vere eit verktøy for relasjonsbygging.

Dette er overgangsprosjekt gjeldande frå 1.3.2021, kan endrast på leiarmøte årleg.

Boka om meg?? Kristin snakkar med nettverksleiarane



Hospitering

For å sikre ein raud tråd i utdanningsløpet til barna i Voss herad må dei tilsette på dei ulike nivåa i utdanningsløpet vite om kvarandre. Dei må vite noko om kva som vert arbeida med, kva opplevingar barna får og korleis dette vert gjennomført. Den største skilnaden finn ein mogleg mellom barnehage og barneskule. Desse vert styrt ut frå ulike lovverk, har ulike formål og dei tilsette har ulike utdanningar.

Mål

Kunne lære av kvarandre og få auka kunnskap om kva barna har med seg frå barnehagen og møter på barneskulen. Ved å utveksle denne kunnskapen få ein meir saumlaus overgang der den raude tråden gjennom opplæringa kjem tydelegare fram. Få faglege relasjonar på tvers av barnehage – skulen, der faglege drøftingar kan føre til auka kompetanse og kvalitet for borna.

Lærer hospiterer i barnehage

1 dag (evt. 2 halve dagar) i juni (gjerni i forbindelse med aktivitetsdagar eller liknande)

- Kontaktlærer for komande 1. klasse gjennomfører hospitering i barnehagen
- Kontaktlærer er aktivt deltakande i planlegging og gjennomføring av aktivitetar i barnehagen.
- Kontaktlærer følgjer pedagogisk leiar gjennom dagen
- Kontaktlærer vert kjent med noko av innhaldet og arbeidsmåten i barnehagen og kan ta med seg tips/ inspirasjon om aktivitetar og arbeidsmåtar tilbake på skulen

Barnehagelærer hospiterer på barneskule

1 dag (evt. 2 halve dagar) i oktober/ november

- Pedagogisk leiar for 5 åringane (dei eldste barna i barnehagen) gjennomfører hospitering på skulen
- Pedagogisk leiar er aktivt deltakande i planlegging og gjennomføring av aktivitetar på skulen.
- Pedagogisk leiar følgjer kontaktlærer gjennom dagen
- Pedagogisk leiar vert kjent med noko av innhaldet og arbeidsmåten på skulen og kan ta med seg tips/ inspirasjon om aktivitetar og arbeidsmåtar tilbake i barnehagen

For å sikre at dette er mogleg å gjennomføra vurderer arbeidsgruppa at ein må ha faste skular og barnehagar ein hospiterer i. Styrar/ rektor og pedagogisk leiar/ kontaktlærer skal i samarbeid avtale tidspunkt for hospitering, for å best mogleg kunne tilpasse eigen barnehage og skule.

Skule	Barnehage
Granvin barne- og ungdomsskule	Tueteigen barnehage
Bjørgum skule	Bjørgamarka- og Mønshaugen barnehage
Palmafossen skule	Regnbogen- og Kløve barnehage
Vangen skule	Voss- Tvildemoen- og Rogne barnehage
Gullfjordungen skule	Klausabakken barnehage
Skulestad skule	Skulestad barnehage
Vossestrand barne- og ungdomsskule	Sundve- og Hauge barnehage
Gjernes skule	Gjernes- og Bordalen barnehage
Bulken skule	Bulken barnehage
Evanger skule	Evanger- og Bolstad barnehage



Voss herad

Nokre skular har fleire barnehagar og forhalda seg til og kun ein kontaktlærer i komande 1. klasse. Det skal då berre hospiterast i ein barnehage per år. Dersom det er fleire parallelklassar (og kontaktlærarar) fordeler ein desse mellom dei ulike barnehagane.